

# Styremøte i Løperen Sjakkklubb 13. august 2024

Tilstades: Harald, Sverre, Odd Arne, Sigurd

## 1. Korleis sikre at kontingenten vert betalt?

Det har vore eit problem - og spesielt stort i vår - at folk ikkje har betalt kontingent og likevel bitt innmelde i langsjakken. Vi må no sikre oss at kontingenten vert betalt og bestemte at den skal vere betalt før første langsjakk kvart semester. Det at vi no har ei Vipps-løysing gjer det lettare å handheve dette vedtaket, sidan folk kan betale når dei kjem. Vedtaket skal handhevast strengt.

Styret er klar over at dette kan gå utover den inkluderande stilen vi har hatt til no, men ei god forklaring på heimesida burde hjelpe. Hurtigsjakken er fri og glimrande for folk som er nysgjerrige på klubben og vil prøve ut å spele sjakk med likesinna over brettet.

## 2. Fast premieringssystem

Det har vore vekslande korleis vinnarane i turneringane våre vert premierte. Styret bestemte at vi skal bruke gavekort og premiere både langsjakk og hurtigsjakk med 500, 300 og 200 kroner. Både langsjakken og hurtigsjakken vert rekna over alle turneringane gjennom heile året. Vinnaren av langsjakken i fjor vert premiert med 500 kroner.

## 3. Handslag til omverda

Odd Arne har hatt undervisning for skuleelevar i Åsane, og det har vore svært vellukka. Han er i dialog med miljøet der ute og open for ein ny runde. Dersom det vert aktuelt med ein sjakkklubb innmeldt i NSF, må nokre av foreldra stille opp.

I vår vart den turneringa vi har hatt for ukrainarar omgjort til ein turnering for innvandrarar, med måteleg frammøte. Men vi prøver med friskt mot att no i haust og Harald styrer med dette, eventuelt med hjelp av Svein Erik.

Vi har ikkje hatt undervisning av innvandrarar i år fordi Læringsssenteret er flytta opp på Landås og fordi det ikkje har vore lang nok pause i Kanalveien (ukrainarar). Sverre har kontakt med Landås gjennom bordtennisen og kan stille kvar mandag til sjakk. Han kan få hjelp av Toralv og Sigurd, som vil kunne alternere. Sverre styrer dette.

## 4. Vurdering av speleplanen for hausten

Vi er nøgde med planen slik den framstår på klubbsida, bortsett frå at den siste spelekvelen (5. desember) vert ein sosial kveld i staden for ei formell hurtigsjakkturnering.

## 5. Seriesjakken, eitt eller to lag?

Det er for tidleg å bestemme. I utgangspunktet stiller vi eitt lag. Skulle oppslutninga utover hausten tilseie det, melder vi på 2 lag. Sverre bestemmer dette. Bare folk som har betalt kontingent er aktuelle for seriesjakken.

## 5. Andre saker

Harald orienterte om økonomien. Vi vil få eit underskot i år også, men ikkje større enn venta. Vi klarer oss godt.